

Ivar Håkon Haukeland
Nesjane 33
5986 Hosteland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/605 - 23/6189

Sakshandsamar:

Frank Kvinge

Frank.Kvinge@masfjorden.kommune.no

Dato:

27.06.2023

Svar på tilbud om kjøp av modellbåtar

Viser til brev frå deg dat. 08.06.23 der du spør om Masfjorden kommune har interesse av å kjøpa modell av Viking II(Sandnes-skøyta) og Lady/Hospits. Sjølv har du for egne midlar kjøpt modellen av Gneist som skal stå på Bjørn West-museet.

Alle tre båtane var med i Englands-/Shetlandsfarten under 2. verdskrig. Du har eit ønskje om at Lady kan bli plassert på Nordbygda skule og Viking II ein stad på Sørsida. Kostnaden ved kjøp av dei to modellane, transport og glasmonter er om lag kr 50 000. Modellane er bygd av Karl Johan Olsvik i Ålesund.

Kulturavdelinga i kommunen vil rosa initiativet du viser i denne saka, og det er prisverdig at du med egne midlar har kjøpt Gneist til BW-museet.

Når det gjeld ev kommunalt kjøp av dei to modellbåtane er det ikkje midlar på kulturbudsjettet til ei slik løyving.

Administrasjonen ønskjer difor å handsama førespurnaden vidare som sak i formannskapet.

Med helsing

Frank Kvinge

kulturskulerektor / fagleiar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Ivar Håkon Haukeland

Nesjane 33

5986

Hosteland